



DET KONGELEGE
UTANRIKSDEPARTEMENT

Meld. St. 24

(2010–2011)

Melding til Stortinget

Samarbeidet i NATO i 2010



New | Nouveau
Strategic
Concept
stratégique

Innhald

1	Samandrag	5					
				5	NATOs partnerskap	16	
				5.1	Euroatlantisk		
2	NATOs nye strategiske konsept og toppmøtet i Lisboa	7		5.2	partnerskapssamarbeid	16	
2.1	Eit nytt strategisk konsept	7		5.3	Russland	16	
2.2	Toppmøteerklæringa	8		5.3.1	Landa på Balkan	17	
					Søkjarlanda		
					(Makedonia, Montenegro og		
					Bosnia-Hercegovina)	17	
3	NATO-operasjonar	9		5.3.2	Serbia	18	
3.1	Afghanistan (ISAF)	9		5.4	Middelhavslanda og land		
3.2	Sjørøveri – Afrikas horn	11			i Midtausten	18	
3.3	Kosovo (KFOR)	11		5.5	Ukraina	19	
3.4	Irak	12		5.6	Georgia	19	
3.5	NATO-operasjonen i			5.7	Internasjonale organisasjonar	20	
	Middelhavet	12		5.7.1	EU	20	
3.6	Tryggingsrådsresolusjon			5.7.2	FN	20	
	1325 om kvinner, fred og			5.7.3	Den afrikanske unionen	20	
	tryggleik	12		5.7.4	OSSE	20	
4	Andre tryggingpolitiske utfordringar	13			NATO-reform	21	
4.1	Kjernevåpenpolitikken	13		6			
4.2	Rustingskontroll, nedrusting og			7	Militær omforming	22	
	ikkjespreiing	13					
4.3	Avtalen om konvensjonelle			Vedlegg			
	styrkar i Europa (CFE-avtalen)	13		1	Nytt strategisk konsept	23	
4.4	Missilforsvar	14		2	Toppmøteerklæring	30	
4.5	Energitryggleik	14		3	Erklæring frå NATO-Russland-		
4.6	Dataforsvar	14			toppmøtet	40	
4.7	Sivil beredskap	14		4	Erklæring frå ISAF-toppmøtet	42	



DET KONGELEGE
UTANRIKSDEPARTEMENT

Meld. St. 24

(2010–2011)

Melding til Stortinget

Samarbeidet i NATO i 2010

*Tilråding frå Utanriksdepartementet av 27. mai 2011,
godkjend i statsråd same dagen.
(Regjeringa Stoltenberg II)*

1 Samandrag

NATO var i 2010 prega av operasjonen i Afghanistan og førebuingane til og gjennomføringa av toppmøtet i Lisboa 19. og 20. november 2010.

NATO-toppmøtet vedtok å starte overføringa av ansvaret for tryggleiken i Afghanistan til afghanske styresmakter i 2011. Dette markerer innleiinga på ein ny fase for den NATO-leidde internasjonale stabiliseringsstyrken (ISAF) i Afghanistan. Toppmøtet slutta seg òg til måletjinga til den afghanske presidenten om at afghanske styresmakter skal ha ansvaret for tryggleiken i heile landet innan utgangen av 2014. Oppfølginga av desse vedtaka vil prege tilnærminga NATO har til Afghanistan i 2011 og dei neste åra.

Overføringa av tryggingansvaret vil verte ein gradvis prosess der provinsar og distrikt vert overførte etter kvart som dei vert funne klare til dette. Det har vore semje om at situasjonen på bakken må vere avgjerande når ein skal vurdere ansvarsoverføring for eit område.

Det er på det reine at NATO vil vere i Afghanistan òg etter 2014, men med ei anna rolle. Under toppmøtet i Lisboa signerte president Karzai og generalsekretær Fogh Rasmussen ei erklæring som skisserte rammene for eit langsiktig og ikkje-

operasjonelt samarbeid mellom NATO og Afghanistan.

Avgjerda om å utvikle eit nytt strategisk konsept for alliansen vart teken på NATO-toppmøtet i Strasbourg/Kehl 3.–4. april 2009. Arbeidet starta hausten 2009 og varte heilt fram til Lisboa-toppmøtet. I motsetning til arbeidet med det førre strategiske konseptet frå 1999, som gjekk føre seg i lukka forhandlingar mellom dei allierte, vart arbeidet denne gongen lagt opp for å sikre brei fagleg og politisk deltaking frå ei rekkje land, i og utanfor alliansen.

Det nye konseptet slår fast at hovudpilarane i NATO-samarbeidet står støtt. Solidariteten allierte imellom, slik han er nedfelt i artikkel 5 i Atlanterhavspakta, er sjølv kjernen i samarbeidet. Verdigrunnlaget til NATO og forankringa i FN-charteret ligg fast. Døra inn til NATO står framleis open for europeiske land med demokratisk styresett som oppfyller krava til medlemskap.

I det nye konseptet er hovudoppgåvene til alliansen definerte som:

- kollektivt forsvar
- krisehandtering
- tryggleik gjennom samarbeid med partnerar

I arbeidet med nytt strategisk konsept har Regjeringa hatt tre prioriterte område: 1) ei tydeliggjering av balansen mellom NATOs kjerneoppgåver og operasjonar langt borte, 2) nedrusting og 3) samarbeidet med Russland. Regjeringa har alleie frå hausten 2009 og heile vegen fram til toppmøtet delteke aktivt i prosessen med å utforme alliansens nye strategiske konsept.

Det norske nærområdeinitiativet har vore Regjeringas viktigaste prioritering i arbeidet med nytt strategisk konsept. Og i arbeidet med å utvikle det nye konseptet vaks det fram ei forståing blant øvrige allierte av at operasjonar langt borte ikkje må gå ut over NATOs første hovudoppgåve, nemleg kollektivt forsvar. Kjernefunksjonane og nærområda til NATO må takast vare på, og oppslutninga om alliansen må vere solid forankra i eiga befolkning.

Konseptet gjev stor merksemd til såkalla nye truslar, mellom anna digitale angrep, spreining av masseødeleggingsvåpen og terrorisme. Også slike angrep kan i visse situasjonar utløyse forpliktingane i artikkel 5 om kollektivt forsvar. Omstillinga til å kunne møte også nye truslar er viktig for å sikre at alliansen bevarar truverdet sitt og forsvarevna si.

Regjeringa har arbeidd målretta for at nedrustings spørsmål skal kome høgare på dagsordenen i alliansen og er nøgd med at desse spørsmåla har fått ein sentral plass i det nye konseptet. NATO forpliktar seg med dette for første gong til å arbeide for ei verd utan atomvåpen. Det strategiske konseptet og toppmøteerklæringa legg opp til ein gjennomgang av forsvars- og avskrekkingspolitikken til NATO fram mot neste toppmøte, i USA våren 2012. Frå norsk side har ein mellom anna lagt vekk på behovet for gjensidig openheit mellom NATO og Russland med omsyn til kortrekkjande kjernevåpen. Noreg og Polen har tatt eit felles initiativ om dette, og det har fått brei støtte.

Med bakgrunn i trusselen frå spreining av masseødeleggingsvåpen og ballistiske missil vedtok alliansen på toppmøtet å etablere eit territorialt

missilforsvar. NATO vil søkje samarbeid med Russland og andre partnerland i dette arbeidet. Regjeringa har lagt stor vekt på at NATO samarbeider med Russland på dette området.

Utgangspunktet for samarbeidet i NATO-Russland-rådet (NRC) er ei gjensidig erkjenning av at NATO og Russland deler mange praktiske utfordringar som best kan løysast i fellesskap. Regjeringa har arbeidd aktivt for å styrkje samarbeidet og den tillitsskapande funksjonen NRC har.

NRC-toppmøtet i Lisboa vart eit viktig vegskilje i samarbeidet med Russland, og for første gong sidan 2002 lukkast det òg stats- og regjeringssjefane i NRC å verte samde om ei felles fråsegn frå toppmøtet. Erklæringa slår fast at NATO og Russland ikkje utgjør truslar for kvarandre, men snarare står overfor ei rekkje av dei same trygging utfordringane. Vedtaket om å starte konkrete drøftingar om eit mogeleg samarbeid om missilforsvar i Europa var eit viktig skritt vidare, sjølv om det her er mange spørsmål som vil krevje nærare avklaring.

Arbeidet med reform av alliansen stod sentralt i 2010. Ei samla pakke med reformtiltak var ei hovudsak på NATO-toppmøtet i Lisboa, og dette temaet vil stå sentralt på dagsordenen i NATO også i 2011.

Eit viktig tiltak i reformarbeidet er innsatsen for å etablere ein ny militær kommandostruktur. Hausten 2010 slutta forsvarsministrane seg til ein ny overordna modell for kommandostrukturen som inneber færre hovudkvarter og ein vesentleg reduksjon i talet på stillingar (frå over 13 000 til under 9 000). Samtidig er det lagt opp til at den reviderte strukturen vil få ei betre evne til å utplassere hovudkvarter for å leie militære operasjonar.

Vidare har arbeidet med å reformere komitéstrukturen og dei interne arbeidsprosessane i NATO halde fram gjennom 2010. Det er gjennomført ei omfattande rasjonalisering i komitéstrukturen. Vidare er det sett i verk ei rekkje tiltak for å styrkje arbeidet med ressursplanlegging og ressursstyring i alliansen.

2 NATOs nye strategiske konsept og toppmøtet i Lisboa

På toppmøtet i Lisboa 19. og 20. november 2010 vart det vedteke eit nytt strategisk konsept. Dette viser at NATO tilpassar seg ein endra geopolitisk situasjon og nye tryggingpolitiske utfordringar. Lisboa-toppmøtet la òg grunnlaget for ein ny fase i den NATO-leidde militære innsatsen i Afghanistan og for vidare utvikling av samarbeidet med Russland.

Det nye strategiske konseptet fastset kursen for NATO i det komande tiåret. Førre gongen dette grunnlagsdokumentet vart revidert, var i 1999. Gjennom den førebunde prosessen og møtet i Lisboa kunne òg dei medlemslanda som har slutta seg til alliansen sidan 1999, ta del i utforminga av og vedtaket om det nye konseptet.

Stats- og regjeringssjefane vart samde om å arbeide vidare med fleire viktige spørsmål i perioden fram til neste toppmøte i 2012, m.a. ein ny kommandostruktur, moderniserte militære kapasitetar, etablering av eit missilforsvar og ein handlingsplan for oppfølging av tryggingrådsresolusjon 1325 om kvinner, fred og tryggleik. Lisboa-toppmøtet gav òg klarsignal til å starte prosessen med overføring av tryggingansvaret i Afghanistan til afghanske styresmakter.

Russland står i ei særstilling blant samarbeidspartnarane til NATO, og NATOs strategiske konsept slår fast at alliansen ser på Russland som ein strategisk partner. President Medvedev og toppleiarane i medlemslanda vedtok i Lisboa å greie ut om det kunne etablerast eit missilforsvarssamarbeid, og om samarbeidet kunne vidareførast på ei rekkje andre område, mellom anna når det gjeld Afghanistan og kampen mot terrorisme og piratverksemd.

2.1 Eit nytt strategisk konsept

Avgjerda om å utvikle eit nytt strategisk konsept for alliansen vart teken på NATO-toppmøtet i Strasbourg/Kehl 3.–4. april 2009. Arbeidet med NATOs nye strategiske konsept starta hausten 2009 og gjekk føre seg heilt fram til Lisboa-toppmøtet.

Det vart oppretta ei ekspertgruppe med tolv medlemmer for å leie dette arbeidet. Gruppa vart leidd av den tidlegare utanriksministeren i USA, Madeleine Albright. Noreg var ikkje representert i ekspertgruppa, men var vertskap for eit av fire seminar som gav innspel til arbeidet i gruppa. Temaet for seminaret i Oslo 14. januar 2010 var NATOs partnerskap. På seminaret deltok høgtstående representantar frå NATO-landa, representantar for partnerland og frå akademiske institusjonar, internasjonal presse og private organisasjonar. Utanriksminister Jonas Gahr Støre og forsvarsminister Grete Faremo deltok frå norsk side. Dei andre seminarane vart arrangerte i Luxembourg, Ljubljana og Washington.

I motsetning til arbeidet med det strategiske konseptet i 1999, som utelukkande gjekk føre seg i lukka forhandlingar mellom dei allierte, vart arbeidet denne gongen lagt opp for å sikre brei fagleg og politisk deltaking frå ei rekkje land, i og utanfor alliansen.

Ekspertgruppa la fram rapporten sin 17. mai 2010 med ei rekkje konkrete tilrådingar til oppfølging. Rapporten vart grundig diskutert i fleire møte i NATO-rådet og danna grunnlaget for utkastet til nytt strategisk konsept som generalsekretæren la fram 27. september 2010.

Konseptutkastet vart deretter forhandla fram til toppmøtet i Lisboa, der det vart endeleg vedteke av stats- og regjeringssjefane i NATO-landa. Konseptet er langt kortare og klarare enn tidlegare konsept.

Det nye konseptet slår fast at hovudpilarane i NATO-samarbeidet står fast. Solidariteten allierte imellom, slik han er nedfelt i artikkel 5 i Atlanterhavspakta, er sjølv kjernen i samarbeidet. Verdi-grunnlaget til NATO og forankringa i FN-charteret ligg fast. Døra inn til NATO står framleis open for europeiske land med demokratisk styresett som oppfyller krava til medlemskap.

I det nye konseptet er hovudoppgåvene til alliansen er definerte som:

- kollektivt forsvar
- krisehandtering
- tryggleik gjennom samarbeid med partnarar

I arbeidet med nytt strategisk konsept har Regjeringa hatt tre prioriterte område: 1) ei tydeliggjering av balansen mellom NATOs kjerneoppgåver og operasjonar langt borte, 2) nedrusting og 3) samarbeidet med Russland. Regjeringa har alleie frå hausten 2009 og heile vegen fram til toppmøtet delteke aktivt i prosessen med å utforme alliansens nye strategiske konsept. Den politiske leiinga i Forsvarsdepartementet eller Utanriksdepartementet har delteke på alle seminara om det nye konseptet, og norske forslag har vorte fremma. Strategien var å arbeide tettast mogleg på ekspertgruppa før rapporten vart lagd fram.

Det norske nærområdeinitiativet har vore Regjeringas viktigaste prioritering i arbeidet med nytt strategisk konsept. Og i arbeidet med å utvikle det nye konseptet vaks det fram ei forståing blant øvrige allierte av at operasjonar langt borte ikkje må gå ut over NATOs første hovudoppgåve, nemleg kollektivt forsvar. Kjernefunksjonane og nærområda til NATO må takast vare på, og oppslutninga om alliansen må vere solid forankra i eiga befolkning.

Konseptet gjev stor merksemd til såkalla nye truslar, mellom anna digitale angrep, spreiding av masseødeleggingsvåpen og terrorisme. Også slike angrep kan i visse situasjonar utløse forpliktingane i artikkel 5 om kollektivt forsvar. Omstillinga til å kunne møte også nye truslar er viktig for å sikre at alliansen bevarar truverdet sitt og forsvarsevna si.

Regjeringa har arbeidd målretta for at nedrustingsspørsmål skal kome høgare på dagsordenen i alliansen og er nøgd med at desse spørsmåla har fått ein sentral plass i det nye konseptet. NATO forpliktar seg for første gong til å arbeide for ei verd utan atomvåpen. Samtidig heiter det at alliansen vil behalde kjernevåpen så lenge det finst slike våpen. Det strategiske konseptet og toppmøteerklæringa legg opp til ein gjennomgang av forsvars- og avskrekkingspolitikken til NATO fram mot neste toppmøte.

Med bakgrunn i trusselen frå spreiding av masseødeleggingsvåpen og ballistiske missil vedtok alliansen på toppmøtet å etablere eit territorialt missilforsvar. NATO vil søkje samarbeid med Russland og andre partnerland i dette arbeidet.

Regjeringa har lagt stor vekt på at NATO samarbeider med Russland på dette området.

Det nye konseptet legg i sterkare grad vekt på krisehandtering og tryggleik gjennom samarbeid med andre aktørar, både land utanfor det euroatlantiske området og med andre internasjonale organisasjonar.

Samtidig skal partnerskapspolitikken i NATO få ei meir sentral rolle. Partnerskapsordningane skal gjennomgåast, og dette er eit sentralt tema for utanriksministrane i NATO i 2011. På utanriksministermøtet i Berlin 14.–15. april 2011 vart det vedteke ein ny partnerskapspolitikk.

Den økonomiske situasjonen i medlemslanda påverkar arbeidet med å effektivisere og slanke dei militære strukturane i alliansen. Lisboa-toppmøtet vedtok endringar i kommandostrukturen som skal gjennomførast i 2011. Det er eit klart behov for ein mindre og meir fleksibel kommandostruktur. Samtidig er vi frå norsk side opptekne av at innsparing ikkje skal vere avgjerande for dei vala som vert tekne for fellesfunksjonane i NATO.

2.2 Toppmøteerklæringa

I tillegg til det nye strategiske konseptet vedtok òg stats- og regjeringssjefane i NATO-landa ei toppmøteerklæring. Her vert det mellom anna lagt vekt på ei rekkje aktuelle samarbeidsforhold med partnerland og internasjonale organisasjonar og på verdien av å vidareføre open-dør-politikken i NATO. Erklæringa tek ikkje til orde for å invitere nye land til NATO-programmet for opptak av nye medlemmer, MAP (Membership Action Plan), men understrekar at Makedonia vil vere velkomen som medlem når namnespørsmålet er løyst. I erklæringa vert det òg gjenteke at Bosnia-Hercegovina er velkomen til å innleie MAP når reformspørsmålet om registrering av forsvarseigedommar som statleg eigedom er avklart.

Det faste NATO-rådet får i oppdrag å utarbeide politiske retningslinjer for forsvarsplanlegging, og arbeidet med å legge om kommandostrukturen i NATO skal følgjast opp i 2011. Toppmøteerklæringa inneheld òg fleire andre oppdrag som vil krevje oppfølging fram til neste toppmøte i USA i 2012.

3 NATO-operasjonar

3.1 Afghanistan (ISAF)

NATO-toppmøtet i Lisboa vedtok å starte overføringa av ansvaret for tryggleiken i Afghanistan til afghanske styresmakter i 2011. Dette markerer innleiinga på ein ny fase for den NATO-leidde internasjonale stabiliseringsstyrken (ISAF) i Afghanistan. Toppmøtet slutta seg òg til målsetjinga til den afghanske presidenten om at afghanske styresmakter skal ha ansvaret for tryggleiken i heile Afghanistan innan utgangen av 2014.

Under Afghanistan-konferansane i London 28. januar 2010 og i Kabul 20. juli same året var spørsmål knytte til overføring av tryggingansvaret ei hovudsak. I planlegginga har NATO teke utgangspunkt i resultatata frå desse internasjonale konferansane, og organisasjonen har samarbeidd tett med afghanske styresmakter.

Overføringa av tryggingansvaret vil verte ein gradvis prosess der provinsar og distrikt vert overførte etter kvart som ein vurderer at dei er klare for dette. Det er semje om at situasjonen på bakken må vere avgjerande når ein skal vurdere ansvarsoverføring for eit område. Frå hausten 2010 har det på månadleg basis vorte utarbeidd detaljerte rapportar til NATO-rådet og ikkje-allierte bidragsland, der det vert gjort greie for situasjonen i dei ulike distrikta og provinsane og for kva tid ein kan rekne med at ansvarsoverføringa kan starte. Den endelege avgjerda om å starte overføringa av tryggingansvaret vert teken av NATO-rådet og afghanske styresmakter i fellesskap.

Frå norsk side har vi lagt vekt på behovet for at prosessen vert så heilskapleg og strukturert som mogeleg. Det er viktig at ansvarsoverføringa vert ein felles prosess ein kan samlast om både internt i alliansen og med partnerlanda og det internasjonale samfunnet elles. Viktigast er det likevel at afghanske styresmakter vert tett involverte. Einsidige avgjerder frå enkeltland om tilbaketrekking vil kunne gjere det vanskeleg å nå målet om at afghanske styresmakter innan utgangen av 2014 skal ha overteke tryggingansvaret i heile Afghanistan. Frå norsk side har behovet for alliert samhold og solidaritet i den vidare prosessen difor vore eit hovudpoeng.

Det er på det reine at NATO vil vere i Afghanistan òg etter 2014, men med ei anna rolle. Under toppmøtet i Lisboa signerte president Karzai og generalsekretær Fogh Rasmussen ei erklæring som skisserte rammene i eit langsiktig og ikkje-operasjonelt samarbeid mellom NATO og Afghanistan. I erklæringa tek NATO på seg å støtte Afghanistan med kapasitetsbyggjande tiltak i den afghanske tryggingsektoren òg etter 2014. Mellom anna skal opplæringsoppdraget NATO driv i Afghanistan (NTM-A), vidareførast. Denne overordna erklæringa gav rammene for eit praktisk samarbeidsprogram som skal utarbeidast i 2011.

I juni 2010 vart sjefen for ISAF-styrken (COMISAF), general McChrystal, erstatta av general Petraeus. Sjefsskiftet innebar inga endring i den militære strategien. I 2011 vil general Allen overta stillinga som sjef for ISAF-styrken når general Petraeus overtek som sjef for CIA.

Den noverande strategien for ISAF legg til grunn at tryggingutfordringane i Afghanistan berre kan møtast ved forsterka samspel mellom sivil og militær innsats. Vern av den afghanske befolkninga er òg ein hovudpilar i strategien. Dette er ei erkjenning av den sterke uvissa mange afghanarar kjenner i kvardagen.

Frå norsk side har vi lagt vekt på at konflikten i Afghanistan berre kan løysast politisk, og at det er afghanske styresmakter som sjølve må ta ansvaret for å finne løysingar på afghanske premiss. Hovudansvaret til ISAF er å betre tryggingssituasjonen og dermed leggje forholda til rette for politisk og økonomisk utvikling. Den militære operasjonen må difor sjåast i nær samanheng med den internasjonale sivile innsatsen og det arbeidet som vert gjort av afghanske styresmakter.

Militær styrkeoppbygging var ein viktig del av den nye strategien, og ISAF vart fram mot sommaren 2010 styrkt med om lag 40 000 nye soldatar. Om lag 30 000 av desse var amerikanske, og dei fleste av dei vart utplasserte i sørlege og austlege delar av landet. Men òg i nord har det vore ein amerikansk styrkeauke, noko som har opna for eit tettare militært samarbeid mellom Noreg og USA. ISAF-operasjonen omfatta ved årsskiftet 2010/2011 132 000 soldatar.

Styrkeoppbygginga i ISAF og ein styrkt afghansk hær førte til at opprørsgruppene i delar av landet vart sette under større press i 2010. Trass i dette har opprørsgruppene også i 2010 gjennomført angrep over store delar av landet. Dette gjeld òg i nord, der norske styrkar oppheld seg.

Ved utgangen av 2010 var tryggingssituasjonen generelt i Afghanistan svært krevjande, samtidig som det er store lokale variasjonar. Under toppmøtet i Lisboa i november peika general Petraeus på at frammarsjen til opprørarane dei siste par åra er stansa og i enkelte område reversert. Han understreka likevel samtidig at framskritta som er gjorde, er skjøre, og at situasjonen på nytt kan gå i gal retning.

27. juni 2010 vart den tyngste dagen for Noreg i Afghanistan. Trond André Bolle, Andreas Eldjarn, Christian Lian og Simen Tokle vart alle drepne av ei vegbombe under oppdrag for ISAF i Nord-Afghanistan. Denne tragiske hendinga vitnar òg om den forverra tryggingssituasjonen som har utvikla seg i Faryab-provinsen.

Også i 2010 har det vore sivile tap under militære operasjonar. Opprørarane ber ansvaret for langt dei fleste sivile tapa, men nokre skuldast òg ISAF. ISAF legg avgjerande vekt på å unngå sivile tap, sjølv om dette er svært vanskeleg under dei forholda som herskar i Afghanistan. Eit anna forhold er at sivile tap undergrev legitimiteten og støtta til ISAF. I samarbeid med fleire andre land har vi frå norsk side arbeidd med tiltak som kan medverke til å unngå sivile tap. Regjeringa vil bidra til at merksemda rundt dette spørsmålet vert oppretthalden.

Viss ein skal lukkast med å overføre tryggingansvaret til afghanske styresmakter, er det heilt avgjerande å styrkje kapasiteten til dei afghanske tryggingssstyrkane. Å bidra til dette har vore ei hovudoppgåve for dei internasjonale styrkane over fleire år, og innsatsen har vorte styrkt i takt med auken i dei afghanske styrkane. Dei opererer tett saman med ISAF, og i svært mange tilfelle leier dei fellesoperasjonane eller utfører sjølvstendige operasjonar.

Men det er framleis store variasjonar i kvaliteten til avdelingane, og spesielt har det vore utfordringar knytte til politiet. Svakt og dårleg styresett er ei hovudutfordring òg innanfor tryggingssektoren. Gjennom NATO er Noreg ein pådrivar i kampen mot korrupsjon og bidreg til «Building Integrity»-initiativet, som er eit program til støtte for kampen mot korrupsjon i forsvarssektoren.

NATO har over lengre tid hatt ein brei kapasitetsbyggjande innsats overfor dei afghanske tryg-

gingsstyrkane. NATOs opplæringsoppdrag i Afghanistan (NTM-A) skal sørje for høgare utdanning og opplæring av den afghanske hæren (ANA) og det afghanske politiet (ANP). Sidan NTM-A vart oppretta hausten 2009, er storleiken, aktiviteten og posisjonen styrkte i stor grad. Det er venta at dei afghanske tryggingssstyrkane (ANSF) vil nå det kvantitative måltalet på 305 600 personell innan oktober 2011. NTM-A er i dag den desidert største utdanningsinstitusjonen i Afghanistan. Berre 34 % av den afghanske befolkninga mellom 15 og 24 år kan lese og skrive, og ved utgangen av 2010 mottok til kvar tid 40 000 personar frå dei afghanske tryggingssstyrkane undervisning i grunnleggjande lese- og skrivefugeleik frå over 1 000 afghanske språklærarar som er tilsette i NTM-A. Noreg stiller med personell som trener og rettleier personell i ulike delar av den afghanske hæren. Regjeringa legg opp til å løyve samla kring 660 millionar kroner i støtte til opplæring, rådgjeving og rettleiing av afghanske tryggingssstyrkar for åra 2010–2014. Desse midlane vert overførte via fonda som er oppretta for ANA og ANP.

Store delar av ISAF er engasjerte i opplæringa av dei afghanske tryggingssstyrkane, både gjennom særskilte opplæringslag og gjennom regulære fellesoperasjonar. Det å operere saman med dei afghanske styrkane har vist seg som ein effektiv opplæringsmetode, og i tråd med føringane frå NATO har den norske militære innsatsen og innsatsen i den sivile tryggingsssektoren i 2010 vorte dreidd ytterlegare i retning av opplæring og rettleiing.

Noreg har òg i 2010 bidrege med om lag 500 soldatar til ISAF. Også i 2010 leidde Noreg det såkalla regionale stabiliseringslaget («Provincial Reconstruction Team» – PRT) i Meymaneh i Faryab-provinsen. I tillegg til dei om lag 300 soldatane i stabiliseringslaget er det òg knytt politio- og utviklingsrådgjevarar til denne eininga. Sidan 2008 har Noreg sørgt for medisinsk evakueringskapasitet med tre helikopter som er knytte til PRT-et. Dette har auka tryggleiken for styrkane som opererer i Faryab.

Diskusjonen om korleis den sivile og den militære innsatsen best kan samordnast, fortsette innanfor og utanfor alliansen òg i 2010. Eit konkret resultat av denne diskusjonen var at sivilrepresentanten frå NATO (SCR) i Kabul fekk styrkt organisasjonen sin. Frå norsk side har vi støtta ei meir framtrudande rolle for sivilrepresentanten, då dette etter norsk oppfatning ville bidra til betre forståing og samkøyring av den samla innsatsen i Afghanistan. I løpet av 2010 har sivilrepresentan-

ten og dei 40 medarbeidarane hans etablert seg som eit sentralt bindeledd mellom den militære leiinga i ISAF, afghanske styresmakter og andre internasjonale aktørar i Afghanistan.

Det er ei brei erkjenning av at konflikten i Afghanistan ikkje kan løysast med militære middel. Ein afghanskleidd politisk prosess må til for å skape eit stabilt og framtidsretta Afghanistan.

Konflikten i Afghanistan er i stor grad påverka av utfordringane i nabolandet Pakistan. Samanhengen mellom opprøret i Afghanistan og militant verksemd i delar av Pakistan krev tettare samarbeid med pakistanske sivile og militære styresmakter, noko også COMISAF har understreka jamleg. Frå norsk side har vi òg i 2010 arbeidd for eit gradvis styrkt samarbeid mellom NATO og Pakistan.

3.2 Sjørøveri – Afrikas horn

NATO-innsatsen mot piratverksemd utanfor Afrikas horn starta i 2008 etter at FN bad alliansen om hjelp til å verne hjelpesendingar til Somalia. NATO-operasjonen Ocean Shield er i dag eit viktig ledd i den internasjonale innsatsen mot pirattrusselen i Aden-bukta. Piratverksemd er ikkje berre ein direkte trussel mot sjøfolk, reiarlag og internasjonal skipsfart, handel og rettsorden. Store pengestraumar som er knytte til verksemda, gjev samtidig grunnlag for kriminelle nettverk som undergrev forsøka på å byggje opp ein stabil stat i Somalia, og svekkjer dermed utviklinga i heile regionen.

Ocean Shield baserer seg på rotasjon av alliansens ståande maritime styrkar (SNMG) kvar fjerde månad. Alliansen legg stor vekt på at operasjonen er ein del av ein brei internasjonal innsats der FN's kontaktgruppe spelar ei koordinerande rolle. NATO samarbeider òg med andre aktørar i området, mellom dei EU-operasjonen Atalanta, Russland og den amerikansk-leidde operasjonen Combined Task Force 151. I 2010 overtok NATO formannskapet for SHADE (Shared Awareness and Deconflicting Mechanism), som er ein mekanisme for å samordne den militære innsatsen til dei ulike aktørane.

Saman med andre aktørar i området har NATO bidrege til å redusere pirattrusselen i Aden-bukta. Samtidig ser vi at angrepa i det større Somalia-basenget i Det indiske havet aukar. Mangelen på tilgjengelege fartøy og rekognoseringsfly gjer det vanskeleg å løyse denne utfordringa som omfattar havområde på størrelse med Vest-Europa. Det er ei klar erkjenning av at løysinga i stor grad må finnast

gjennom tiltak på land. Innanfor eit stramt budsjett vurderer NATO korleis alliansen på ein betre måte kan støtte regional kapasitetsbygging og få på plass rettslege ordningar for straffeforfølgning av piratane. I mars 2010 vart det vedteke at Operation Ocean Shield skulle forlengjast ut 2012. I desember vedtok NATO-rådet å gjennomgå denne operasjonen og Operation Active Endeavour i Middelhavet. Resultatet av gjennomgangen skal leggjast fram for forsvarsministermøtet i NATO i juni 2011. Noreg har delteke i det internasjonale samarbeidet mot piratverksemda m.a. med ein norsk fregatt som inngjekk i den EU-leidde styrken ATALANTA i 2009. Noreg vil delta med eit Orion-overvakingsfly hausten 2011.

3.3 Kosovo (KFOR)

KFOR (Kosovo Force) vart oppretta med mandat i FN's tryggingrådsresolusjon 1244 frå 1999 for å demilitarisere Kosovos frigjeringshær (UCK), vareta tryggleiken til borgarane i Kosovo og beskytte den internasjonale innsatsen for humanitær bistand og gjenreising. Som følgje av at tryggingssituasjonen var betra, innleidde alliansen i 2009 ein prosess som gradvis vil redusere nærværet til KFOR. Første trinn i styrkereduksjonen vart fullført i januar 2010, og ved inngangen til 2011 talde styrken 8 500 soldatar. Alliansen har vedteke at talet skal reduserast til 5 000 i løpet av første halvår 2011, og det er planlagt ein ytterlegare reduksjon til 2 500 soldatar dersom tryggingssituasjonen tillèt det. Noreg har ved utgangen av 2010 fire offiserar ved KFOR-hovudkvarteret.

Styrkereduksjonane inneber ein overgang til ein mindre og meir mobil styrke. I dette ligg det mellom anna at KFOR gradvis avsluttar det permanente vakthaldet rundt åtte kulturminne av særleg religiøs eller historisk verdi. I 2010 vart vakthaldet for fire av desse kulturminna overført til politiet i Kosovo. Grundige førebuingar og tett dialog med alle partar var avgjerande for at overføringa av tryggingansvaret gjekk smertefritt. Samtidig har EUs politi- og justisoperasjon (EULEX) og KFOR framleis kapasitet til å kunne tre støttande til dersom det kosoviske politiet skulle trenge assistanse.

I juni 2008 tok KFOR på seg oppdraget med å støtte utviklinga av profesjonelle og multietniske tryggingssstyrkar i Kosovo. I 2009 vart vernekorpsset for Kosovo (KPC – Kosovo Protection Corps) nedlagt og tryggingssstyrken i Kosovo (KSF – Kosovo Security Force) oppretta. NATO legg stor vekt på ein open rekrutteringsprosess til KSF som

bidreg til at også kandidatar frå den etniske mindretalsbefolkninga vert rekrutterte. Noreg vidareførte òg i 2010 den økonomiske støtta til KSF.

3.4 Irak

På toppmøtet i Istanbul i 2004 vart det vedteke å setje i verk NATO's opplæringsoppdrag i Irak (NTM-I – NATO Training Mission Iraq). NTM-I skal gjennom opplæring og kompetanseoverføring bidra til å styrkje evna til dei irakiske tryggingstyrkane til å vareta tryggingansvaret i eige land. Også det føderale politiet, oljepolitiet og grensestyrkane er omfatta av opplæringa. Noreg har ikkje bidrege med personell til NTM-I¹, men bidrog i 2010 økonomisk til NTM-I-støttefondet².

NATO og Irak inngjekk i 2010 ein samarbeidsavtale (Structured Cooperation Framework) som gjer Irak til eit av NATO's partnerland. Programmet skal gå parallelt med NTM-I til oppdraget vert avslutta, og deretter stå aleine. Samarbeidsavtalane mellom NATO og ulike enkeltland fell inn under partnerskapsreforma som er under utarbeiding i alliansen våren 2011, og namnet på samarbeidet med Irak kan difor bli endra i løpet av 2011. Programmet omfattar både sivile og militære komponentar. Irak er òg eit av dei få partnerlanda som støttar NATO-verksemda i landet økonomisk.

3.5 NATO-operasjonen i Middelhavet

NATO-operasjonen i Middelhavet – Operation Active Endeavour (OAE) – er den einaste artikkel 5-operasjonen i NATO og vart innleidd i kjølvatnet av terrorangrepa mot USA 11. september 2001. Operasjonen skal førebyggje og nedkjempe terrorisme i Middelhavet, men har òg bidrege til å tryggje skipstrafikken.

I januar 2010 gjennomførte NATO nye retningslinjer for operasjonen. Desse innebar mellom anna ein overgang frå bruk av fast utplasserte einingar til ein såkalla *nettverksbasert operasjon* der alliansen i større grad set inn ressursar etter behov. Samtidig har NATO dei seinare åra forsøkt å styrkje samarbeidet med partnerar og medverke til betre informasjonsutveksling og situasjonsforståing i området. I dag bidreg meir enn 50 land med informasjon til Maritime Safety and Security

Information System, som er eit informasjonsdelingsnettverk for å overvake, oppspore og avdekkje unormal aktivitet i området.

Sjølv om OAE er ein artikkel 5-operasjon, involverer han etter kvart fleire av partnerlanda til NATO, frå både EAPC-samarbeidet og Middelhavsdialogen. Russland og Ukraina har delteke med fartøy ei rekkje gonger dei seinare åra, sistnemnde seinast i 2010, medan Marokko og Israel har tilbode seg å bidra i 2011. Noreg har ved fleire høve delteke i OAE med ubåtar, fregattar, missil-torpedobåtar og maritime overvakingsfly.

3.6 Tryggingrådsresolusjon 1325 om kvinner, fred og tryggleik

I 2010 var det ti år sidan FN's tryggingråd vedtok resolusjon 1325 om kvinner, fred og tryggleik. Resolusjonen fremjar kvinners deltaking i all innsats knytt til fred og tryggleik og styrkjer vernet av kvinner i væpna konflikhtar. Noreg har stått i spissen for gjennomføringa av resolusjonen i NATO, og under toppmøtet i Lisboa godkjende stats- og regjeringssjefane både ein statusrapport for gjennomføringa og ein konkret handlingsplan for praktisk integrering av resolusjonen i NATO-leidde operasjonar.

Ei samla tilnærming til stabilitet og gjenreising må òg omfatte behova og rettane til kvinner i konfliktområde, og frå norsk side har vi argumentert for at kjønnspektivet må inkluderast i alle fasar av NATO-operasjonar. Resolusjonen må med andre ord integrerast som norm i NATO's operasjonsplanar.

Regjeringa har utarbeidd ein eigen handlingsplan for arbeidet med å vareta behova og rettane til kvinner i konfliktområde. Som ledd i gjennomføringa av handlingsplanen er det ein kjønnsrådgjevar på plass i den norske militære kontingenten i Faryab. Noreg bidreg òg med ein slik rådgjevar ved ISAF-hovudkvarteret i Kabul.

NATO vil i løpet av det komande året vidareføre arbeidet med implementeringa av resolusjon 1325. Førsteprioriteten har vore å dekkje behovet for oppfølging i operasjonane til alliansen. Som neste stadium vil NATO utvikle ein 1325-politikk som skal dekkje alle verkeområda til alliansen. Dette arbeidet skal danne grunnlaget for årlege evalueringar, med sikte på at generalsekretæren i NATO, på same måten som kollegaene sine i OSSE og FN, kan rapportere om framdrift år for år, med start i oktober 2011.

¹ Norske offiserar tenestegjer i NTM-I som utsende frå SHAPE/Brunssum.

² 200 000 euro til NTM-I Trust Fund frå Forsvarsdepartementet.

4 Andre tryggingpolitiske utfordringar

4.1 Kjernevåpenpolitikken

NATOs kjernevåpenpolitikk ligg i hovudsak fast, men i det nye strategiske konseptet forpliktar NATO seg for første gong til å arbeide for ei verd utan kjernevåpen. Samtidig har ein halde fast ved at alliansen vil behalde ein kjernevåpenkapasitet så lenge andre land har kjernevåpen. Toppmøtet i Lisboa vedtok at forsvars- og avskrekkingspolitikken til alliansen skal gjennomgåast i lys av det nye strategiske konseptet og internasjonale utviklings-trekk.

Saman med Tyskland, Belgia, Nederland og Luxembourg tok Noreg initiativ til å setje drøftingar av atomvåpenpolitikken på dagsordenen på det uformelle utanriksministermøtet i Tallinn 22.–23. april 2010. Saman med Polen tok Noreg òg initiativ til at NATO retta merksemda mot behovet for større openheit rundt dei korttrekkjande kjernevåpna i Europa. Målet er gjensidig reduksjon og etter kvart avskaffing av desse våpna i Europa.

Desse initiativa var viktige bidrag i drøftingane om kjernevåpenpolitikken i utarbeidinga av NATOs nye strategiske konsept. Debatten under NATOs utanriksministermøte i Tallinn spegla ei solid oppslutning om å setje kjernefysisk nedrusting høgt på dagsordenen i arbeidet med NATOs nye strategiske konsept. Dette nye konseptet omtalar for første gong nullvisjonen om ei verd utan kjernevåpen. På toppmøtet vart det vedteke å gjennomgå forsvars- og avskrekkingspolitikken til alliansen, og ein eigen komité for rustingskontrollspørsmål vart etablert.

4.2 Rustingskontroll, nedrusting og ikkjjespreiing

Det strategiske konseptet stadfestar at «rustingskontroll, nedrusting og ikkjjespreiing bidreg til fred, tryggleik og stabilitet». NATO og Russland har framleis eit stort tal korttrekkjande kjernevåpen utplasserte i Europa, som ikkje er omfatta av nokon rustingskontrollavtale. Det norsk-polske initiativet i 2010 for å styrkje openheit og tillitsskapinge tiltak med Russland på dette området og for

å arbeide for å inkludere også desse kjernevåpna i framtidige forhandlingar vart reflektert i det strategiske konseptet og slutterklæringa frå toppmøtet. Når den nye START-avtalen mellom USA og Russland no har tredd i kraft, vert dette endå meir aktuelt.

Når det gjeld samarbeidet med Russland, har òg NATO-Russland-rådet slutta seg til visjonen om ei kjernevåpenfri verd. Den nye arbeidsgruppa for rustingskontroll, nedrusting og ikkjjespreiing vart i etterkant av toppmøtet i Lisboa samd om eit arbeidsprogram for 2011 som m.a. legg opp til å drøfte oppfølginga av NPT-tilsynskonferansen i 2010.

Den årlege NATO-konferansen om rustingskontroll, nedrusting og ikkjjespreiing, som fann stad i Praha 24.–25. juni 2010, skal i 2011 haldast i Bergen. Det vert lagt vekt på at den føreståande konferansen vil styrkje merksemda om konsekvensane av at kjernevåpen får ei redusert rolle i NATO-doktrinen. Samtidig vil arbeidet med rustingskontroll, nedrusting og ikkjjespreiing òg kunne få større merksemd i Noreg.

NATO har ei rolle å spele i arbeidet for å nå målsetjinga om ei kjernevåpenfri verd. Regjeringa vil, saman med andre allierte, aktivt følgje opp dei norske initiativa for å bidra til dette i NATO. Ein må likevel innsjå at det kan vere langt fram før målsetjinga er nådd.

4.3 Avtalen om konvensjonelle styrkar i Europa (CFE-avtalen)

CFE-avtalen tredde i kraft i 1992 og omfattar alle dåverande statar i NATO og Warszawa-pakta. Hovudføremålet med avtalen var å redusere faren for eit overraskingsangrep. Dette skulle skje ved å avgrense dei offensive militære kapasitetane til partane og skape balanse i det konvensjonelle styrkeforholdet. Det vart etablert eit omfattande informasjons- og verifikasjonsregime for å sikre at avtalen vart etterlevd.

CFE-avtalen har mellom anna bidrege til å fjerne over 64 000 tyngre våpen i Europa og har på den måten vore ein suksess. CFE-avtalen har

gjeve Noreg ei god oversikt over kva som finst av stridsvogner, pansra køyretøy og artillerieiningar i nærrområda våre i nord. I tillegg til den konkrete militærfaglege nytta bidreg informasjon og verifikasjon til ein generell politisk-militær openheitskultur og til auka kontakt og forståing.

Ved inngangen til 2010 vedtok NATO-landa å intensivere innsatsen for å revitalisere CFE-avtalen etter at Russland i desember 2007 «suspenderte» etterlevinga av avtaleforpliktingane sine. Dette leidde til at NATO-landa i juni 2010 presenterte eit utkast til «nytt rammeverk for konvensjonell rustingskontroll i Europa». Utspelet vart starten på ei rekkje møte i Wien i såkalla «36-format» (dei 30 statspartane til CFE-avtalen og seks av dei nyaste NATO-landa) om eit mandat for vidare forhandlingar om eit modernisert regime for konvensjonell rustingskontroll i Europa. Hovudproblema har dreidd seg om informasjonsutveksling og prinsippet om at vertslandet må samtykkje i stasjonering av styrkar (t.d. russiske styrkar i Georgia og Moldova). Det er heller ikkje semje om vidare forhandlingar skal dreie seg om ein revisjon av den juridisk bindande CFE-avtalen eller sikte mot eit nytt, politisk forpliktande regime for konvensjonell nedrusting i Europa til erstatning for CFE.

Utsiktene for den vidare prosessen er usikre. Arbeidet er prioritert på norsk side, og vi har samarbeidd med allierte og hatt kontinuerleg direkte kontakt med russisk side. For å styrkje den norske innsatsen i forhandlingane er det oppretta ei eiga stilling som spesialutsending for europeiske tryggings- og rustingskontrollspørsmål.

4.4 Missilforsvar

På toppmøtet i Lisboa i november 2010 gjorde NATO eit prinsippvedtak om at det skal etablerast eit missilforsvar for å verne alliert territorium mot den aukande trusselen frå ballistiske missil. Systemet vil byggje på det amerikanske missilforsvarssystemet (European Phased Adaptive Approach) og på NATOs missilforsvarssystem for utplasserte styrkar (Active Layered Theatre Ballistic Missile Defence). Samtidig vart det vedteke å invitere Russland til eit samarbeid om missilforsvar innanfor ramma av NATO-Russland-rådet.

Det vert lagt opp til ei gradvis utbygging av eit fleksibelt land- og sjøbasert system som er tilpassa trusselen mot NATOs territorium. NATO-landa vil fellesfinansiere eit kommando- og kontrollsystem for missilforsvaret. Dei enkelte landa skal på frivillig grunnlag tilby og finansiere våpen-

system og sensorar som skal inngå i systemet. I utgangspunktet vil systemet i all hovudsak vere samansett av amerikanske sensorar og våpensystem.

Regjeringa har lagt vekt på at eit alliert missilforsvar må vere retta mot reelle truslar, bidra til å auke tryggleiken for medlemslanda og opne for samarbeid med tredjeland, særleg Russland.

4.5 Energitryggleik

Stats- og regjeringssjefane stadfesta under toppmøtet i Lisboa at dei støttar arbeidet som går føre seg i alliansen med å sikre kritisk energiinfrastruktur. Toppmøteerklæringa understrekar, i tråd med norsk syn, at bidraget frå NATO må representere ein meirverdi til og samordnast med nasjonale og internasjonale tiltak som allereie er sette i gang. Toppmøtet i Bucuresti i 2008 vedtok å konsentrere innsatsen til NATO på energitryggleiksområdet om fem hovudområde: etterrettingsdeling internt i alliansen, informasjonsdeling med partnerlanda, stabilitetsfremjande tiltak, støtte til konsekvenshandtering og støtte til vern av kritisk infrastruktur. Vedtaka frå Lisboa vidarefører dette.

4.6 Dataforsvar

På toppmøtet i Lisboa vart det vedteke at arbeidet med vern mot dataangrep (cyberforsvar) skal forsterkast ytterlegare. Alliansen erkjende kor viktig det er å ha tilgang til det digitale rommet både for militære operasjonar og for grunnleggjande samfunnstryggleik. NATO vil i første rekkje vidareutvikle evna til å verne sine egne system mot dataangrep og vil vidare, innanfor forsvarsplanlegginga, bidra til å styrkje dataforsvarskapasitetane hos dei allierte. I løpet av 2011 vil alliansen ta stilling til ein oppdatert dataforsvarspolitik.

4.7 Sivil beredskap

Sivil beredskapsplanlegging og sivil krisehandtering er primært ei nasjonal oppgåve. Den sivile beredskapsplanlegginga i NATO søker å samordne og effektivisere bruken av nasjonale sivile ressursar for å støtte opp om dei strategiske allianseoppgåvene og verne sivilbefolkning og infrastruktur i tilfelle naturkatastrofar, krig eller terroranslag.

NATO dreg i denne samanhengen nytte av eit breitt nettverk av ekspertar i medlems- og partnerlanda. Ekspertane møtest regelmessig i eigne tematisk organiserte grupper og kan i tillegg kontaktast individuelt ved behov. Ekspertane gjev råd i samband med sivil beredskapsplanlegging og krisehandtering og assisterer òg medlemsland og dei militære styresmaktene i NATO med råd om utvikling og bruk av sivile ressursar. Som eit ledd i NATOs reformprosess vart talet på planleggingsgrupper i 2010 redusert frå åtte til fire. Føremålet er å effektivisere arbeidet og setje planleggingsgruppene betre i stand til å støtte opp om dei strategiske oppgåvene i alliansen.

Sivil beredskap er eit viktig element i samarbeidet med partnerland og er det største ikkje-militære programmet i regi av Det euroatlantiske partnerskapsrådet (EAPC). Dette samarbeidet omfattar mellom anna katastrofeberedskap, ret-

ningslinjer for bruk av sivile ressursar ved militær krisehandtering og humanitær bistand etter katastrofar. NATOs sivile kriseresponscenter (Euro-Atlantic Disaster Response Coordination Centre – EADRCC) formidlar førespurnader og tilbod om bistand frå medlems- og partnerland i samband med katastrofar. I 2010 formidla EADRCC slike førespurnader i samband med naturkatastrofar i Albania, Ungarn, Israel, Moldova, Montenegro, Tadsjikistan og Ukraina. På førespurnad frå pakistanske styresmakter etablerte NATO i august 2010 ei 90-dagars sjø- og luftbru for å hjelpe FN og andre humanitære aktørar med å få hjelpesendingar inn i landet i samband med flaumkatastrofen.

Noreg er oppteken av å utvikle sivil beredskapsplanlegging innanfor ramma av NATO-Russland-rådet og var 22.–24. mars 2010 vertskap for ei felles sivil krisehandteringsøving i Tønsberg.

5 NATOs partnerskap

Toppmøtet i Lisboa vedtok at alliansen skal utforme ein meir effektiv og fleksibel partnerskapspolitikk. Det nye strategiske konseptet etablerer partnersamarbeidet som ein sentral del av den tredje av NATOs kjerneoppgåver – tryggleik gjennom samarbeid. Utanriksministermøtet i Berlin 14. og 15. april 2011 vedtok den nye partnerskapspolitikken.

NATO-samarbeidet med partnerland kviler på to hovudpilarar: ein praktisk del der NATO tilbyr diverse former for bistand og opplæring med sikte på forsvarsreform, auka tryggleik for det sivile samfunnet og auka interoperabilitet med NATO-styrkane, og ein meir politisk del som i alt vesentleg omhandlar politisk dialog med partnerlanda og støtte til reformprosessane deira.

Allereie før Lisboa-toppmøtet vart det starta eit arbeid for å rydde opp i dei praktiske tiltaka («verktøykassa») som står til disposisjon for partnerane. Føremålet var å gjere handteringa av det praktiske partnersamarbeidet enklare, samtidig som alle partnerland kan bruke éin og same meny av tiltak og dermed få betre oversikt over kva som er tilgjengeleg. NATO-rådet bestemmer i siste instans kva tilbod den enkelte partneren skal få.

I den nye globale tryggingpolitiske situasjonen som det er gjort greie for i det strategiske konseptet, gjev kontakt, konsultasjon og dialog med land utanfor NATOs eige territorium eit verdifullt bidrag til auka alliert og internasjonal tryggleik. Frå norsk side ser ein det som nyttig å etablere arbeidsformer som gjer dialog med såkalla globale partnerar, som Kina, India og Brasil, til ein normal del av verksemda i alliansen, men legg vekt på at slikt samarbeid ikkje nødvendigvis inneber partnerskap i meir formell forstand.

I diskusjonen om den nye partnerskapspolitikken la Noreg vekt på at partnerland som bidreg til NATO-operasjonane, får betre tilgang til vedtaksprosessar som gjeld desse operasjonane.

Noreg ønskjer òg å styrkje og vitalisere samarbeidet i regi av Middelhavsdialogen (MD) og dei fire landa i Persiabukta som deltek i dialogen innanfor Istanbul Cooperation Initiative (ICI). Innhaldet i dialogen med desse landa varierer sterkt,

og særleg ICI treng ein ny giv for å fungere tilfredsstillande.

5.1 Euroatlantisk partnerskapssamarbeid

Rådet for det euroatlantiske partnerskapssamarbeidet – Euro Atlantic Partnership Council (EAPC) – er eit forum for tryggingpolitisk dialog og samarbeid mellom dei 28 NATO-landa og 22 partnerland i det euroatlantiske området. Grappa med partnerland er sett saman av til dels svært forskjellige land, noko som bidreg til at EAPC som forum i mange samanhengar har vanskeleg for å definere verkelege felles interesser. Dette er bakgrunnen for at NATO no drøftar alternative dialogformat med sikte på å gjere EAPC meir relevant for alliansen og dei andre medlemene.

Diskusjonane med dei enkelte sentralasiatiske og sørkaukasiske medlemene i EAPC var i 2010 i stor grad knytte til den årlege gjennomgangen av handlingsplanane til desse landa. Rettane til sivilsamfunnet og til minoritetane, i tillegg til situasjonen for media, vart vigde særleg merksemd.

EAPC drøfta òg utviklinga i Afghanistan og konsekvensane av konflikten for nabolanda. Ikkje minst drøfta ein samarbeidet om å redusere narkotikasmuglinga frå Afghanistan, der Russland spelar ei aktiv rolle.

5.2 Russland

Utgangspunktet for samarbeidet med Russland er ei gjensidig erkjenning av at NATO og Russland deler mange praktiske utfordringar på det tryggingpolitiske området som best kan løysast i fellesskap. Regjeringa har arbeidd aktivt for å styrkje samarbeidet og den tillitsskapande funksjonen til NATO-Russland-rådet (NRC). Frå norsk side har vi påpeika at NRC må vere eit allvørsforum der medlemene òg kan diskutere emne dei er sterkt usamde om.

Under eit uformelt møte på Korfu 27. juni 2009 vedtok utanriksministrane i NRC å ta opp att sam-

arbeidet i full breidde. NRC-samarbeidet hadde då lege nede sidan 2008 som følgje av Georgia-krisa. Vedtaket på Korfu sette i gang ein prosess som i løpet av 2010 førte til ei fornying av NRC-samarbeidet. Prioriteten generalsekretær Fogh Rasmussen gjev samarbeidet, og den nye tilnærminga den amerikanske administrasjonen har til Russland, medverka til å gje forholdet til Russland auka merksemd og til å skape eit nytt og betre samarbeidsklima. Det uformelle NRC-utanriksministermøtet 22. september 2010 i samband med opninga av FN's generalforsamling i New York var eit viktig ledd i normaliseringa av verksemda i NRC. Denne positive utviklinga la grunnlaget for NRC-toppmøtet i Lisboa.

I desember 2009 vedtok utanriksministrane i NRC å gjennomføre ei vurdering av dei ulike truslane landa i fellesskap står overfor. Samtidig fekk NRC ein ny og meir funksjonell komitéstruktur som effektiviserer arbeidsprosessane. Arbeidet med trusselvurderinga kom for alvor i gang våren 2010 og gjekk i første omgang ut på å verte samde om eit felles trusselbilette på ei rekkje ulike felt, som ikkjespreiing, rustingskontroll og nedrusting, terrorisme, naturkatastrofar og menneskeskapte katastrofar, piratverksemd, Afghanistan og missilforsvar. Hausten 2010 gjekk arbeidet inn i ein ny fase der partane i fellesskap såg på praktiske tiltak for saman å møte dei identifiserte truslane. Arbeidet var svært omfattande og vart ferdigstilt til NRC-toppmøtet i Lisboa.

NRC-toppmøtet i Lisboa vart eit viktig vegskilje for NRC. For første gong sidan 2002 lukkast det òg stats- og regjeringssjefane i NRC å verte samde om ei felles fråsegn frå toppmøtet. Erklæringa slår fast at NATO og Russland ikkje utgjer truslar for kvarandre, men snarare står overfor ei rekkje av dei same trygging utfordringane. Vedtaket om å starte konkrete drøftingar av eit mogeleg samarbeid om missilforsvar i Europa var eit viktig skritt vidare, sjølv om det her er mange spørsmål som vil krevje nærare avklaring før ein kan vite korleis dette samarbeidet vil utvikle seg. For alliansen var det vidare svært verdifullt at det var semje i NRC om ei rekkje praktiske samarbeidsspørsmål rundt innsatsen i Afghanistan. Mellom anna vart transittordningane for materiell til ISAF over russisk territorium utvida, og det vart vedteke å etablere eit samarbeid for vedlikehald av helikopter i Afghanistan. Stats- og regjeringssjefane i NRC vedtok òg å utvide programmet for kamp mot narkotika i Afghanistan og Sentral-Asia.

Noreg har støtta opp om NRC-samarbeidet mellom anna gjennom vertskapsansvar for felles

arrangement. Som tidlegare nemnt var Noreg vertskap for ei NRC-øving for sivil krisehandtering i Vestfold 22.–24. mars 2010. Saman med Russland, Tyrkia og Polen er Noreg òg vertsland for Cooperative Airspace Initiative (CAI), som er eit samarbeidsprosjekt for utveksling av radarata for å hindre at kapra sivile fly vert nytta som terrorvåpen. Endeleg vart det òg i 2010 gjevne norske bidrag til fleire NRC-prosjekt, mellom anna vidareføringa av prosjektet for opplæring og trening av personell til antinarkotikainnsats i Afghanistan og Sentral-Asia i FN-regi.

5.3 Landa på Balkan

5.3.1 Søkjarlanda (Makedonia, Montenegro og Bosnia-Hercegovina)

Makedonia vart søkjarland i 1999 og har gjort eit omfattande reformarbeid som i sum har kvalifisert landet for NATO-medlemskap. På grunn av namnestriden med Hellas lukkast det likevel heller ikkje i 2010 alliansen å invitere Makedonia som medlem.

Makedonia fortsette i 2010 reformarbeidet i offentleg sektor og forsøkte samtidig å styrkje samarbeidet med alliansen gjennom auka bidrag til NATO-operasjonane. Landet legg stor vekt på samvirke med NATO-styrkar og har dei seinare åra auka talet på soldatar som er klare for PfP-operasjonar. Makedonia trappa i 2010 ytterlegare opp innsatsen i Afghanistan trass i ein vanskeleg økonomisk situasjon på heimebane. Landet bidreg òg med styrkar til NATO-operasjonen i Kosovo (KFOR). Bidraget til ISAF er mellom anna kome i stand gjennom ei felles utplassering med norske styrkar på sanitetssida.

Montenegro fekk søkjarlandsstatus (Membership Action Plan) under utanriksministermøtet i NATO i Brussel 3.–4. desember 2009, men kom først i gang med det første årlege programmet (ANP) for samarbeidet hausten 2010. Landet har likevel halde eit relativt høgt reformtempo og fullførte i juni 2010 ein svært viktig strategisk gjennomgang av heile forsvarssektoren. Denne gjennomgangen vil leggje premissa for det vidare reformarbeidet og langtidsplanlegginga i forsvaret. Noreg støtta òg i 2010 opp om forsvarsreformene i Montenegro, mellom anna gjennom ein utsend ekspert frå Forsvarsdepartementet til det montenegrinske forsvarsdepartementet. Denne bistanden vil halde fram i 2011 og kjem i tillegg til bistand til ei rekkje prosjekt som er knytte til forsvarsplanlegging og forvaltingsrutinar.

Bosnia-Hercegovina fekk søkjarlandsstatus (MAP) etter det uformelle utanriksministermøtet i Tallinn 22.–23. april 2010. Vedtaket gav landet MAP-status, men fastslo at handlingsplanen for medlemskap først ville verte sett i verk når forsvarseigedommane i landet er registrerte som statseigedom. Dette spørsmålet vart sett på som ein prøvestein på reformviljen og styringsevna i Bosnia-Hercegovina, to føresetnader som mange i alliansen såg som nødvendige viss landet skulle kunne dra nytte av det omfattande reformprogrammet under MAP. Noreg støtta MAP-søkna den frå Bosnia-Hercegovina då NATO behandla saka i 2009 og 2010. Regjeringa la vekt på den breie oppslutninga ønsket om MAP-status hadde i dei ulike folkegruppene i landet. Vidare ville eit positivt utfall kunne styrkje det nasjonale samfundet og støtte opp om ansvarlege og reformorienterte krefter.

Spørsmålet om registrering av forsvarseigedommane lét seg diverre ikkje løyse i 2010. Den politiske situasjonen i Bosnia-Hercegovina var prega av valkamp og gav lite rom for utvikling i dei krevjande spørsmåla om maktfordeling. Noreg held fram med å støtte arbeidet for forsvarsreform i Bosnia-Hercegovina. Regjeringa ser dette som viktig for å kunne hjelpe landet til å utnytte den bistanden NATO tilbyr på best mogeleg vis. Eit viktig nytt tiltak i 2010 var etableringa av eit NATO-støttefond for å hjelpe bosnisk forsvarspersonell med overgangen til eit sivil liv. På førespurnad frå bosniske styresmakter tok Noreg, saman med Nederland og Slovenia, leiinga for fondet som er viktig for sosial stabilitet og vidare forsvarsreformer. Den norske ambassaden fungerte òg i 2010 som kontaktpunktambassade for NATO i Sarajevo. Norsk personell tenestegjorde òg i 2010 ved NATO-hovudkvarteret i Sarajevo.

5.3.2 Serbia

Serbia fortsette i 2010 å utvikle samarbeidet med NATO sjølv om medlemskap per i dag ikkje er eit mål. Landet er etter grunnlova nøytralt, noko som berre kan endrast ved folkeavstemming. NATO-aksjonen i Jugoslavia i 1999 gjer at det vil ta tid før det vil vere oppslutning i Serbia om medlemskap i NATO.

Samarbeidet mellom NATO og Serbia var lenge avgrensa til enkelte PfP-aktivitetar, bistand til tryggingssektorreform og eit visst militært teknisk samarbeid knytt til NATOs fredsbevarande oppdrag i Kosovo (KFOR). I 2009 fekk landet likevel på plass ein diplomatisk representasjon til NATO og gjekk inn i eit individuelt program for

partnerskapen med alliansen. Det er vidare eit uttalt mål frå serbisk side at partnerskapen etter kvart òg skal omfatte ein individuell handlingsplan, noko som vil styrkje den politiske dialogen og det praktiske samarbeidet med alliansen.

For å støtte opp om forsvarsreformene i Serbia har Noreg sidan 2006 leidd eit støttefond i PfP-regi som finansierer demobilisering og overgang til sivile yrke for serbisk forsvarspersonell. I 2010 vidareførte forsvaret reformarbeidet med vekt på modernisering og profesjonalisering. Serbia gav i 2010 klart uttrykk for ønsket om å betre evna hos eigne styrkar til å samarbeide med NATO-styrkar.

5.4 Middelhavslanda og land i Midtausten

Samarbeidet med dei sju middelhavslanda som deltek i NATOs middelhavsdialog, er sårbart for politiske svingingar. Middelhavsdialogen (MD) omfattar Algerie, Egypt, Israel, Jordan, Marokko, Mauritania og Tunisia. Heller ikkje i 2010 var det mogeleg å organisere eit lenge planlagt partnersymposium (APAG – Atlantic Policy Advisory Group) mellom desse landa og alliansen, men planen er ikkje skrinlagd. Krisa som oppstod etter at Israel borda eit tyrkisk skip på veg til Gaza i mai 2010, kullkasta det planlagde møtet. Det same skjedde året før med utgangspunkt i den israelske aksjonen mot Gaza ved årsskiftet 2008–09.

NATO og MD-partnarane har ein sterk felles interesse i å kjempe mot internasjonal terrorisme. Under diskusjonen om partnerskapspolitikken i NATO har desse partnarane gjeve klart uttrykk for at dei ønskjer å fordjupe samarbeidet med NATO når det gjeld både praktisk samarbeid og politisk dialog.

Fleire av MD-landa deltek i Operation Active Endeavour i Middelhavet. Israel er det siste landet som har slutta seg til operasjonen. Det lukkast i 2010 å sikre israelsk deltaking på ein måte som ikkje kjem i konflikt med at andre MD-land tek del i operasjonen.

Istanbul Cooperation Initiative (ICI) vart oppretta i 2004 og har i dag fire statar i Persiabukta som medlemmer (Bahrain, Dei sameinte arabiske emirata, Kuwait og Qatar). Også Saudi-Arabia og Oman har kontakt med ICI. NATO har gjort det klart at dette forumet er ope for land i Midtausten i brei forstand. ICI søkjer å bidra til regional stabilitet og tryggleik gjennom praktisk samarbeid med NATO.

Hausten 2009 vart det halde eit ICI-ambassadørmøte over to dagar i Abu Dhabi, og i 2011 rei-

ser NATO-rådet på eit tilsvarende møte i Doha. Gjennom året er det regelmessig kontakt mellom desse partnerlanda enkeltvis og NATO, i tillegg til den jamlege kontakten mellom militært personell i samband med samarbeid om forsvarssektorreform og andre tiltak.

Likevel har talet på tiltak som er sette i verk, gått ned dei siste åra. I 2010 viste det seg òg svært vanskeleg å etablere base- og overflygingsløyve for AWACS-flya frå NATO i samband med operasjonane i Afghanistan.

5.5 Ukraina

Ukraina er eit viktig partnerland for NATO. Det var i 2010 det einaste partnerlandet som bidrog til fire ulike NATO-operasjonar og oppdrag: NATO-operasjonane i Kosovo (KFOR), Afghanistan (ISAF) og Middelhavet (Operation Active Endeavour), i tillegg til opplæringsoppdraget i Irak (NTM-I). Ukraina vart i 2010 òg det første partnerlandet som gjekk inn i NATOs innsatsstyrke (NRF). NATO legg stor vekt på samarbeidet med Ukraina. Eit demokratisk og stabilt Ukraina er viktig for euroatlantisk tryggleik.

Presidentvalet i januar 2010 førte til regjeringsskifte og endringar i den utanrikspolitiske orienteringa til Ukraina. Den nye *ikkje-blokk-statusen* til landet innebar at NATO-medlemskap ikkje lenger er ønskt. Den nye regjeringa har likevel lagt vekt på å vidareføre det tette samarbeidet med alliansen innanfor ramma av NATO-Ukrainakommisjonen (NUC), noko som òg vert spegla i det kontinuerlege samarbeidet med alliansen. Spørsmålet om Ukraina er klart for søkjarlandsstatus (MAP), har dei siste åra dominert diskusjonane om forholdet mellom NATO og Ukraina. Under Lisboa-toppmøtet i november 2010 noterte alliansen seg at Ukraina ikkje lenger ønskte medlemskap, men understreka samtidig at døra inn til NATO vert ståande open, og at alliansen ønskte å vidareføre det nære samarbeidet innanfor ramma av NUC.

Partnerskapen mellom Ukraina og NATO omfattar ei rekkje ulike samarbeidsprosjekt på både militær og sivil side. Reformarbeidet er i stor grad strukturert rundt dei årlege nasjonale programma (ANP) som er eit nyttig verktøy for å måle framgang i reformprosessen. Tryggingsektorreform har hatt høg prioritet, og NATO har mellom anna assistert Ukraina i arbeidet med å gjennomgå forsvarssektoren og styrkje forvaltning, langtidsplanlegging og sivil kontroll med dei væpna styrkane.

Frå norsk side har vi lagt vekt på å vidareføre støtta til reformarbeidet i Ukraina, både bilateralt og gjennom NATO. Eit viktig område for den norske bistanden er oppbygginga av demokratiske leiingsstrukturar i forsvarssektoren. Det vert òg gjeve støtte for å hjelpe tidlegare militært personell med overgangen til eit sivil yrkesliv. Den politiske dialogen med Ukraina var i 2010 mellom anna vigd mediefriheit, rettsvern og kamp mot korrupsjon, som er område der alliansen håpar å sjå ein styrkt innsats i 2011.

5.6 Georgia

Ramma for samarbeidet mellom NATO og Georgia er NATO-Georgia-kommisjonen (NGC). NGC vart oppretta i 2008 og er eit viktig forum for regelmessig politisk dialog og praktisk samarbeid. Partnerskapen med Georgia omfattar ein brei reformagenda der demokrati, godt styresett, rettsvern og tryggingsektorreform er særleg prioritert. Georgia legg òg vekt på å bidra til NATO-operasjonane og er blant dei partnerlanda som bidreg mest til NATO-operasjonen i Afghanistan (ISAF). Landet deltek òg i NATO-operasjonen i Middelhavet (Operation Active Endeavour) og har tidlegare delteke i NATO-operasjonen i Kosovo (KFOR). Samarbeidet med alliansen heldt fram for fullt i 2010, og under toppmøtet i Lisboa i november 2010 lovde Georgia å auke innsatsen i Afghanistan ytterlegare gjennom bidrag til NATOs opplæringsoppdrag (NTM-A). I oktober 2010 vart det òg etablert eit liaisonkontor for NATO i Tbilisi for å støtte opp under reformarbeidet.

Georgia har ikkje søkjarlandsstatus, men saman med Ukraina fekk Georgia under toppmøtet i Bucuresti i 2008 lovnad om framtidig NATO-medlemskap. Toppmøtet i Lisboa i 2010 gjentok denne lovnaden og ønsket om å halde fram med å støtte reformarbeidet i landet. NATO vil vidareføre den praktiske bistanden til Georgia og samtidig oppfordre til vidare grunnleggjande reformer. NATO støttar òg det arbeidet andre internasjonale organisasjonar, mellom dei OSSE, FN og EU, gjer innanfor konflikthandtering i Sør-Ossetia og Abkhasia. Alle NATO-landa har gjeve klar støtte til Georgias suverenitet og territoriale integritet og beklaga den russiske godkjenninga av dei to georgiske regionane som uavhengige statar.

Frå norsk side har vi halde fram med å understreke at det trengst ytterlegare reformer i Georgia, ikkje minst når det gjeld utviklinga av demokratiske institusjonar og rettsstatsprinsipp. Gjen-

nom NATO har Noreg òg støtta eit utviklingsprogram for siviltilsette i forsvarssektoren.

5.7 Internasjonale organisasjonar

5.7.1 EU

Heller ikkje i 2010 lukkast det å skape særleg framdrift i samarbeidet mellom NATO og EU. Ulike haldningar til Kypros-konflikten på tyrkisk, gresk og kypriotisk side er framleis ei hindring. Forholdet mellom Tyrkia og EU endra seg ikkje på nokon avgjerande måte i 2010 og skapte heller ikkje rørsle i situasjonen.

Under toppmøtet i Lisboa vart det lagt vekt på at det må prioriterast å finne ei løysing på forholdet mellom Tyrkia og EUs forsvarsmateriellsamarbeid, som ledd i eit forsøk på å betre samarbeidet mellom NATO og EU.

Institusjonelt er samarbeidet mellom NATO og EU framleis avgrensa til EUs stabiliseringsoperasjon i Bosnia-Hercegovina (EUFOR ALTHEA) og til konsultasjonar om utvikling av militære kapasitetar. ALTHEA er den einaste operasjonen under den såkalla Berlin Pluss-ordninga som opnar for støtte frå NATO til militære operasjonar som er planlagde og leidde av EU. Det finst ikkje noko tilsvarende rammeverk for samarbeidet mellom KFOR og EULEX i Kosovo eller ISAF og EUPOL i Afghanistan. Dette gjer det vanskeleg å få til eit godt strategisk samarbeid når det gjeld planlegging og gjennomføring av operasjonar. Til gjengjeld finst det mange eksempel på godt praktisk og uformelt samarbeid på operasjonsnivå. Særleg tydeleg er dette i Aden-bukta der enkle, pragmatiske ordningar for samarbeid og koordinering mellom NATOs Operation Ocean Shield og EU-operasjonen Atalanta er til gjensidig nytte.

Ønsket om å lette tredjelandsdeltaking i operasjonar og behovet for å samordne forsvarsplan- og kapasitetsutvikling låg bak fleire initiativ. Ønsket om eit styrkt sivil-militært samarbeid innanfor krisehandtering har òg vore eit gjennomgangstema i forholdet mellom NATO og EU.

5.7.2 FN

Sidan undertekninga av felleseklæringa frå generalsekretærene i FN og NATO under FN's generalforsamling i 2008 har kontakten mellom NATO og FN vorte styrkt. Eit synleg teikn på dette er fleire høgnivåbesøk til NATO-hovudkvarteret frå representantar for særorganisasjonane i FN. Kontakten har òg vorte styrkt på andre måtar.

Representantar for FN vert inviterte til planlegginga av NATOs sivil-militære øvingar, og utvald FN-personell får tilbod om å ta del i NATO-kurs. I tillegg vert det halde diskusjonsmøte om tilnærminga til operasjonar i land som Afghanistan og Kosovo.

I 2010 var det òg framgang i det strukturerte samarbeidet mellom organisasjonane. Eit lenge planlagt sivilt liaisonelement frå NATO ved FN-hovudkvarteret kom endeleg på plass. Dette er eit viktig skritt sett i lys av at manglande kjennskap til verksemda til den andre parten framleis er ei utfordring på begge sider. Noreg la òg i 2010 stor vekt på at FN må styrkje nærværet og den koordinerande rolla i Afghanistan. I den samanhengen vart det understreka frå norsk side at alle aktørar, blant dei NATO og dei enkelte allierte, må vise vilje til å la seg samordne av FN i praksis.

5.7.3 Den afrikanske unionen

Samarbeidet mellom NATO og Den afrikanske unionen (AU) har dei seinare åra i stor grad dreidd seg om praktisk støtte knytt til AU-oppgavet i Somalia (AMISOM). I 2010 bidrog NATO mellom anna med lufttransport av fredsbevarande styrkar, eskorte av skip og ekspertbistand til forvaltning og strategisk planlegging. Dette skjedde i kvart tilfelle på førespurnad frå AU. Alliansen bidreg òg med rådgjeving i samband med oppbygginga av dei afrikanske beredskapsstyrkane (ASF).

Ingen nye samarbeidsområde kom til i 2010. Ein formell samarbeidsavtale er under utvikling og vert høgst sannsynleg undertekna i 2011. AU har ytra ønske om auka bistand til kapasitetsbygging, mellom anna for ASF.

Den norske ambassaden i Addis Abeba fortsette i 2010 som NATO-liaisonambassade for AU og var med og la til rette for den regelmessige kontakten mellom NATO og AU.

5.7.4 OSSE

Samarbeidet mellom NATO og OSSE er i første rekkje knytt til operasjonar og nærvær i felt. Sesielt på Vest-Balkan, og særleg i Kosovo og Bosnia-Hercegovina, er det tett kontakt mellom NATO-hovudkvarteret i desse landa og det lokale OSSE-sendelaget. Det er i tillegg god kontakt med OSSE-sendelaga i Sentral-Asia, Sør-Kaukasus og Moldova, der begge organisasjonane har konkrete og ofte liknande prosjekt for reform av tryggingssktoren og bistand til destruksjon av overflødige våpen og ammunisjon.

6 NATO-reform

Arbeidet med reform av alliansen stod sentralt i 2010. Ei samla pakke med reformtiltak var ei hovudsak på NATO-toppmøtet i Lisboa, og dette temaet vil stå sentralt på dagsordenen i NATO også i 2011.

Eit viktig tiltak i reformarbeidet er innsatsen for å etablere ein ny militær kommandostruktur. Hausten 2010 slutta forsvarsministrane i NATO seg til ein ny, overordna modell for kommandostrukturen som inneber færre hovudkvarter og ein vesentleg reduksjon i talet på stillingar (frå over 13 000 til under 9 000). Samtidig er det lagt opp til at den reviderte strukturen vil få ei betre evne til å utplassere hovudkvarter for å leie militære operasjonar. Frå norsk side har vi særleg arbeidd for at kommandostrukturen på nytt skal få eit regionalt fokus, og for at det skal etablerast eit tettare samarbeid mellom nasjonale hovudkvarter og kommandostrukturen i NATO. Dette er reflektert i den nye modellen, og arbeidet med å følgje opp dette vil halde fram gjennom 2011. Den geografiske innrettinga av den nye kommandostrukturen vil verte utarbeidd og vedteken i 2011.

Som ein del av reformarbeidet i NATO vert det òg arbeidd med å redusere talet på NATO-organ

og støtteiningar (dei såkalla «NATO Agencies»). Desse er oppretta for ulike føremål, som felles innkjøp, drift og støttetenester. Det finst 14 av dei i dag. Ein enklare struktur kan på sikt gje større effektivitet, og frå norsk side har vi understreka at det er viktig at dei tiltaka som skal gjennomførast, må bidra til reelle innsparingar og meir effektive løysingar. Frå norsk side vert det generelt lagt vekt på at fellesløysingar i NATO ofte gjev betre resultat og er billegare enn at landa løyser oppgåver kvar for seg.

Vidare har arbeidet med å reformere komitéstrukturen og dei interne arbeidsprosessane i NATO vorte vidareført gjennom 2010. Det er gjennomført ei omfattande rasjonalisering i komitéstrukturen i NATO. Vidare er det sett i verk ei rekkje tiltak for å styrkje arbeidet med ressursplanlegging og ressursstyring i alliansen.

Regjeringa støttar arbeidet med å reformere strukturen og organisasjonen i alliansen. Den overordna målsetjinga er å sikre at NATO er innretta så relevant som mogeleg for å kunne handtere trygging utfordringar i framtida. I praksis inneber dette ei operasjonisering av føringane i det nye strategiske konseptet.

7 Militær omforming

Også gjennom 2010 har det vorte arbeid vidare med dei militære strukturane og kapasitetane til alliansen og dei allierte. Dette er ein kontinuerleg prosess der hovudmålet er å sikre at NATO har ei best mogeleg evne til å løyse heile spekteret av potensielle oppgåver på ein effektiv måte. Arbeidet er i gang på brei front og omfattar både investeringar i og utvikling av nødvendige militære kapasitetar, men òg kompetansebygging, trening, øving og nødvendige reformer av organisasjonen og arbeidsprosessane i NATO. Frå norsk side har vi støtta opp om dette arbeidet, som òg må sjåast i nær samanheng med dei hovudprioriteringane som Stortinget gjennom langtidsplanen har lagt til grunn for utviklinga av det norske forsvaret. Frå norsk side har vi vidare lagt vekt på å arbeide for ei balansert tilnærming der både operasjonane og den meir langsiktige satsinga på strategiske kapasitetar som alliansen treng for å løyse dei kollektive kjerneoppgåvene, får nødvendig merksemd og ressursar. Ei slik tilnærming er òg i samsvar med prioriteringane innanfor det norske nærrområdeinitiativet som vart lansert i alliansen i 2008.

På NATO-toppmøtet i Lisboa slutta stats- og regjeringssjefane i NATO-landa seg til ei prioritert pakke av kapasitetar som vil få særleg merksemd i den vidare moderniseringa av alliansen. Målsetjingane er her både å kunne understøtte pågåande operasjonar og å kunne møte nye truslar og utfordringar, samtidig som ein opprettheld og vidareutviklar dei grunnleggjande strategiske kapasitetane som utgjer ein del av fundamentet for den kollektive militære evna til alliansen.

Den økonomiske situasjonen og presset på forsvarsbudsjetta i mange land har ført til at det på nytt vert lagt vekt på fleirnasjonalt samarbeid som ein reiskap i utviklinga av militære kapasitetar. I lys av vedtak på NATO-toppmøtet vil det i 2011 bli arbeid vidare med idear og tiltak som kan bidra til å underbyggje eit tettare samarbeid mellom allierte i utvikling og innkjøp av militære kapasitetar. Frå norsk side tek vi del i dette arbeidet med erfaringane vi på norsk side har fått frå tidlegare samarbeidsprosjekt både med allierte og innanfor den nordiske ramma.

Arbeidet med militær omforming i NATO har i dei seinare åra gått føre seg i ein situasjon der allierte er tungt engasjerte i pågåande operasjonar. Dette har gjeve verdifulle erfaringar som vil kome til nytte i omformingsarbeidet i alliansen. Sentrale eksempel i denne samanhengen er ei styrking av samarbeidet for å utvikle kapasitetar på område som m.a. helikopter, medisinsk støtte og tiltak mot improviserte sprenglekamar. Det har òg vorte arbeid vidare med å styrkje det konkrete samarbeidet mellom NATO og EU på desse områda. Her har det vore ein viss framgang i 2010, samtidig som dei meir overordna politiske utfordringane i forholdet mellom NATO og EU varar ved.

Utanriksdepartementet

t i l r å r :

Tilråding frå Utanriksdepartementet av 27. mai 2011 om samarbeidet i NATO i 2010 blir send Stortinget.

Vedlegg 1**Active Engagement, Modern Defence**

Strategic Concept for the Defence and Security of the Members of the North Atlantic Treaty Organisation adopted by Heads of State and Government in Lisbon

Preface

We, the Heads of State and Government of the NATO nations, are determined that NATO will continue to play its unique and essential role in ensuring our common defence and security. This Strategic Concept will guide the next phase in NATO's evolution, so that it continues to be effective in a changing world, against new threats, with new capabilities and new partners:

- It reconfirms the bond between our nations to defend one another against attack, including against new threats to the safety of our citizens.
- It commits the Alliance to prevent crises, manage conflicts and stabilize post-conflict situations, including by working more closely with our international partners, most importantly the United Nations and the European Union.
- It offers our partners around the globe more political engagement with the Alliance, and a substantial role in shaping the NATO-led operations to which they contribute.
- It commits NATO to the goal of creating the conditions for a world without nuclear weapons – but reconfirms that, as long as there are nuclear weapons in the world, NATO will remain a nuclear Alliance.
- It restates our firm commitment to keep the door to NATO open to all European democracies that meet the standards of membership, because enlargement contributes to our goal of a Europe whole, free and at peace.
- It commits NATO to continuous reform towards a more effective, efficient and flexible Alliance, so that our taxpayers get the most security for the money they invest in defence.

The citizens of our countries rely on NATO to defend Allied nations, to deploy robust military forces where and when required for our security, and to help promote common security with our partners around the globe. While the world is

changing, NATO's essential mission will remain the same: to ensure that the Alliance remains an unparalleled community of freedom, peace, security and shared values.

Core Tasks and Principles

1. NATO's fundamental and enduring purpose is to safeguard the freedom and security of all its members by political and military means. Today, the Alliance remains an essential source of stability in an unpredictable world.
2. NATO member states form a unique community of values, committed to the principles of individual liberty, democracy, human rights and the rule of law. The Alliance is firmly committed to the purposes and principles of the Charter of the United Nations, and to the Washington Treaty, which affirms the primary responsibility of the Security Council for the maintenance of international peace and security.
3. The political and military bonds between Europe and North America have been forged in NATO since the Alliance was founded in 1949; the transatlantic link remains as strong, and as important to the preservation of Euro-Atlantic peace and security, as ever. The security of NATO members on both sides of the Atlantic is indivisible. We will continue to defend it together, on the basis of solidarity, shared purpose and fair burden-sharing.
4. The modern security environment contains a broad and evolving set of challenges to the security of NATO's territory and populations. In order to assure their security, the Alliance must and will continue fulfilling effectively three essential core tasks, all of which contribute to safeguarding Alliance members, and always in accordance with international law:
 - a. *Collective defence.* NATO members will always assist each other against attack, in accordance with Article 5 of the Washing-

- ton Treaty. That commitment remains firm and binding. NATO will deter and defend against any threat of aggression, and against emerging security challenges where they threaten the fundamental security of individual Allies or the Alliance as a whole.
- b. *Crisis management.* NATO has a unique and robust set of political and military capabilities to address the full spectrum of crises – before, during and after conflicts. NATO will actively employ an appropriate mix of those political and military tools to help manage developing crises that have the potential to affect Alliance security, before they escalate into conflicts; to stop ongoing conflicts where they affect Alliance security; and to help consolidate stability in post-conflict situations where that contributes to Euro-Atlantic security.
 - c. *Cooperative security.* The Alliance is affected by, and can affect, political and security developments beyond its borders. The Alliance will engage actively to enhance international security, through partnership with relevant countries and other international organisations; by contributing actively to arms control, non-proliferation and disarmament; and by keeping the door to membership in the Alliance open to all European democracies that meet NATO's standards.
5. NATO remains the unique and essential transatlantic forum for consultations on all matters that affect the territorial integrity, political independence and security of its members, as set out in Article 4 of the Washington Treaty. Any security issue of interest to any Ally can be brought to the NATO table, to share information, exchange views and, where appropriate, forge common approaches.
 6. In order to carry out the full range of NATO missions as effectively and efficiently as possible, Allies will engage in a continuous process of reform, modernisation and transformation.
 7. Today, the Euro-Atlantic area is at peace and the threat of a conventional attack against NATO territory is low. That is an historic success for the policies of robust defence, Euro-Atlantic integration and active partnership that have guided NATO for more than half a century.
 8. However, the conventional threat cannot be ignored. Many regions and countries around the world are witnessing the acquisition of substantial, modern military capabilities with consequences for international stability and Euro-Atlantic security that are difficult to predict. This includes the proliferation of ballistic missiles, which poses a real and growing threat to the Euro-Atlantic area.
 9. The proliferation of nuclear weapons and other weapons of mass destruction, and their means of delivery, threatens incalculable consequences for global stability and prosperity. During the next decade, proliferation will be most acute in some of the world's most volatile regions.
 10. Terrorism poses a direct threat to the security of the citizens of NATO countries, and to international stability and prosperity more broadly. Extremist groups continue to spread to, and in, areas of strategic importance to the Alliance, and modern technology increases the threat and potential impact of terrorist attacks, in particular if terrorists were to acquire nuclear, chemical, biological or radiological capabilities.
 11. Instability or conflict beyond NATO borders can directly threaten Alliance security, including by fostering extremism, terrorism, and trans-national illegal activities such as trafficking in arms, narcotics and people.
 12. Cyber attacks are becoming more frequent, more organised and more costly in the damage that they inflict on government administrations, businesses, economies and potentially also transportation and supply networks and other critical infrastructure; they can reach a threshold that threatens national and Euro-Atlantic prosperity, security and stability. Foreign militaries and intelligence services, organised criminals, terrorist and/or extremist groups can each be the source of such attacks.
 13. All countries are increasingly reliant on the vital communication, transport and transit routes on which international trade, energy security and prosperity depend. They require greater international efforts to ensure their resilience against attack or disruption. Some NATO countries will become more dependent on foreign energy suppliers and in some cases, on foreign energy supply and distribution networks for their energy needs. As a larger share of world consumption is transported across the globe, energy supplies are increasingly exposed to disruption.

The Security Environment

7. Today, the Euro-Atlantic area is at peace and the threat of a conventional attack against NATO territory is low. That is an historic success for the policies of robust defence, Euro-Atlantic integration and active partnership that have guided NATO for more than half a century.

14. A number of significant technology-related trends – including the development of laser weapons, electronic warfare and technologies that impede access to space – appear poised to have major global effects that will impact on NATO military planning and operations.
15. Key environmental and resource constraints, including health risks, climate change, water scarcity and increasing energy needs will further shape the future security environment in areas of concern to NATO and have the potential to significantly affect NATO planning and operations.

Defence and Deterrence

16. The greatest responsibility of the Alliance is to protect and defend our territory and our populations against attack, as set out in Article 5 of the Washington Treaty. The Alliance does not consider any country to be its adversary. However, no one should doubt NATO's resolve if the security of any of its members were to be threatened.
17. Deterrence, based on an appropriate mix of nuclear and conventional capabilities, remains a core element of our overall strategy. The circumstances in which any use of nuclear weapons might have to be contemplated are extremely remote. As long as nuclear weapons exist, NATO will remain a nuclear alliance.
18. The supreme guarantee of the security of the Allies is provided by the strategic nuclear forces of the Alliance, particularly those of the United States; the independent strategic nuclear forces of the United Kingdom and France, which have a deterrent role of their own, contribute to the overall deterrence and security of the Allies.
19. We will ensure that NATO has the full range of capabilities necessary to deter and defend against any threat to the safety and security of our populations. Therefore, we will:
- maintain an appropriate mix of nuclear and conventional forces;
 - maintain the ability to sustain concurrent major joint operations and several smaller operations for collective defence and crisis response, including at strategic distance;
 - develop and maintain robust, mobile and deployable conventional forces to carry out both our Article 5 responsibilities and the Alliance's expeditionary operations, including with the NATO Response Force;
 - carry out the necessary training, exercises, contingency planning and information exchange for assuring our defence against the full range of conventional and emerging security challenges, and provide appropriate visible assurance and reinforcement for all Allies;
 - ensure the broadest possible participation of Allies in collective defence planning on nuclear roles, in peacetime basing of nuclear forces, and in command, control and consultation arrangements;
 - develop the capability to defend our populations and territories against ballistic missile attack as a core element of our collective defence, which contributes to the indivisible security of the Alliance. We will actively seek cooperation on missile defence with Russia and other Euro-Atlantic partners;
 - further develop NATO's capacity to defend against the threat of chemical, biological, radiological and nuclear weapons of mass destruction;
